



Uskedalsgutane av 2004-årgangen

**I dag var det miniputtane sin tur til å spela turnering og Herøysundbana var staden. Der heldt dei det gåande i 6 timar og leiarar og foreldre hadde ein fin dag trass i støv og varmegrader. Det mangla ikkje engasjement på sidelinja heller!  
Men ein kan ikkje anna enn å bli mest imponert over innsatsviljen og energien til dei yngste fotballspelarane.**



Uskedalsjentene av 2004-årgangen

59 kampar vart avvikla - 3 for kvart av laga - og Uskedal stilte denne gongen med 3 lag. På føremiddagen avvikla dei som høyrde til 2002-årgangen (jenter) kampane sine medan dei to andre laga som var henta frå 2004-årgangen hadde kamp-programmet sitt konsentrert utover. ettermiddagen.

Også frå denne årgangen hadde det lukkast å stable på beina eit reint jentelag frå Uskedal, men som hadde gitar som innbyttarar.

Dei andre laga som stilte i tuningen var Trio-Husnes, Trio-Valen, Herøysund, Halsnøy, Rosendal, Ternen, Trio-Sunde og Strand Ulv. Avviklinga var såvidt vi kunne bedømme prega av presisjon og rutine..

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Uskedalsgutane av 2004-årgangen pressar Rosendal